## Gå ikkje over bekken etter vatn - Julegåver på Kvinnherad Vekstbedrift. 05.12.2020



Elektroverkty og anna verkty på julebordet i Beinavikjo.

**Meir enn nokon gong kan vi bruka ordtaket: Gå ikkje over bekken etter vatn. Oppmodinga handlar om å støtta lokalt næringsliv, lokale produsentar og lokal handel ved juleinnkjøpa i år. Uskedalen.no har alt starta ein serie innlegg om å handla lokalt. No er vi komne til Kvinnherad Vekstbedrift med sine tilbod både i avdelingane i Myro og på Beinavikjo.**

Tilbake i tid var det eiga julemesse med eit variert utval av gåver på det som den gongen var AFA. Slik er det

ikkje lenger. Men du kan likevel gå på avdelingane og bed om å få sjå produkt som høver godt som gåver. Det kan vera fillerye, bunadspose, koppar og andre produkt med trykk. Benker og blomkassar kan også vera aktuelt. Dessutan tek KV på oppdrag som er praktisk arbeid med skog, rydding og hagearbeid.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Finn Guddal